

HELLESØY VERFT AS
Løfallstrand 281
5474 LØFALLSTRAND

Dato	08.07.2022
Vår referanse	2022/66822-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Susanne Stølheim Aasen
E-post	Susanne.Stolheim.Aasen@vlfk.no
Telefon	97004331

Svar på nabovarsel - midlertidig plassering - gnr. 81 bnr. 211 - Lyngstrandvegen - Kvinnherad kommune

Vi viser til motteke nabovarsel 30.06.2022.

Bakgrunn

Nabovarselet gjeld mellombels plassering av brakkerigg like ved Årsnes ferjekai, fv.48 i Kvinnherad kommune. Det er ikkje sagt noko om kor lenge brakkeriggen skal vere plassert slik som skissert.

Uttale

Vestland fylkeskommune mottar nabovarsel som eigar og forvaltar av fylkesveg, fylkeskommunen uttalar seg her som grunneigar/nabo.

Som nabo har ikkje fylkeskommunen merknad til mellombels plassering av brakkerigg.

Som forvaltar av fylkesveg 48 minner vi om at dersom tiltaket krev søknadar om avkøyrsløse, dispensasjon frå byggegrense, graveløyve eller ev. andre dispensasjonar med heimel i veglova, skal desse sendast Vestland fylkeskommune som forvaltningsmynde. Andre søknadar etter plan- og bygningslova skal sendast kommunen som sender saka vidare til fylkeskommunen for uttale og handsaming.

Informasjon og søknadsskjema for å søke om utvida/endra bruk av avkøyrsløse eller dispensasjon frå byggegrense finn du her: [Løyve og dispensasjonar - Vestland fylkeskommune](#)

Vi gjer merksam på at arbeidet med tiltaket kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Med helsing

Susanne Stølheim Aasen
overingeniør
INV - Forvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10